



Riksantikvaren
postmottak@ra.no

Norheimsund, 14. juni 2024

Høyringssvar - Riksantikvarens handverksstrategi

Vi takkar for høve til å kome med høyringssvar til Riksantikvarens handverksstrategi.

Hardanger og Voss museum (HVM) satsar på forvalting av immateriell kulturarv, m.a. gjennom bygningsvern, tekstilhandverk, folkemusikk, folkedans, og ikkje minst gjennom Hardanger fartøyvernssenter (HFS). HFS er eitt av tre nasjonale kompetansesenter for fartøyvern, oppretta i 1996. HFS starta opp som eit prosjekt omkring restaurering av hardangerjakta «Mathilde» i 1984. Samfunnssoppdraget vårt som fartøyvernssenter er å føre vidare kunnskap og kompetanse knytt til eldre båt- og skipsbyggingsfag gjennom å utføre oppdrag på verna og freda fartøy. Dei seinare åra har HFS fått ein veksande aktivitet innan bygningsvern gjennom å ta oppdrag og halde kurs m.m. Fagskulen i Vestland si to-årige utdanning i bygningsvern har HFS og Hardanger og Voss museum (HVM) som læringsarena. NTNU har HFS/HVM som ein av sine læringsarenaer for NTNU sitt bachelorprogram i bygningsvern. Dei tre nasjonale fartøyvernssentra fekk i 2023 den europeiske kulturminneprisen Europa Nostra Awards i kategorien «Education, training and skills».

Generelle innspel

Handverksstrategien er svært viktig for HVM si verksemd, både som forvaltar av over 130 historiske bygningar, fire historiske fartøy og fleire mindre teknisk-industrielle anlegg.

HFS som nasjonalt kompetansesenter er finansiert gjennom at vi tar på oss oppdrag på kulturminne, hovudsakeleg fartøy og bygningar. Handverksstrategien har dermed direkte verknad på korleis vi er i stand til å utøve samfunnssoppdraget vårt, forvalte tradisjonelle handverksfag for notida og framtida.

HVM har to bygningsvernksousentrar som yter tenester til private og offentlege aktørar i Hardanger og Voss, i tillegg til interne oppgåver. Dette har vore avgjerande funksjon for å kunne bruke istandsetningsprosjekt som læringsarenaer for handverkarar. Dette er eit døme på kor viktig det er med samspel og samarbeid på tvers av sektorar.

HVM opplever at det burde vore meir samspel mellom sektorane i staten, og at dei store problema som dei nasjonale fartøyvernssentra har opplevd til ein viss grad skuldast sektorisering. Konkret går det på at Riksantikvaren avgrensar sitt sektoransvar til dei materielle objekta, men samstundes har forvaltingsansvar for nasjonale kompetansesentra. I handverksstrategien meiner vi det er særleg grunn til å legge vekt på dei positive målsetjingane som gjeld samarbeid mellom kulturmiljøforvalting, kulturarvsektoren, utdanningssektoren og byggenæringa.

HFS sluttar seg til dei overordna måla i strategien. Det er positivt at det vert utvikla ein strategi for å sikre at eigarar og forvaltarar av kulturmiljø har tilstrekkeleg og stabil tilgang på kompetente handverkarar i eit langtidsperspektiv.

Konkrete innspel

Strategisk satsing 1: Håndverkskompetansen og kapasiteten skal styrkes

Som læringsarena både for Fagskolen i Vestland og NTNU sine studium i bygningsvern ser vi nytten av å kople museumssamlingar med kulturmiljøvern og istandsetjing. Studentane brukar museumssamlingane som kjelder, særleg når det gjeld verktøy. Og bygningssamlingane er svært viktige, både som kjelder men også som objekt som treng vedlikehald og istandsetjing. Vi opplever at musea er relevante for studentane og lærestadene.

Strategisk satsing 2: Fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminner og kulturmiljø.

Riksantikvaren sitt mål er at kulturmiljø blir sett i stand etter antikvariske prinsipp. Dette inneber at det vert stilt krav til handverkarane, og desse må vere lette å forstå for dei som skal utføre arbeidet. Etter at vi har sett oss inn i den første bevaringsstrategien (kystens kulturmiljø) vil vi peike på ein fare for at dei antikvariske prinsippa gradvis vert vatna ut. Vi oppmodar til at ein i bevaringsstrategiane «held fanen høgt» og at ein nyttar handverksstrategien til å understreke at dette er eit viktig poeng, også for å halde dei tradisjonelle handverksfaga i hevd.

Her vil vi også spele inn at det er viktig å stille dei same krava til HMS-dokumentasjon, verneutstyr, ulike sertifikat osv. som ein gjer til verksemder i alle andre samanhengar.

Vi ser fram til å samarbeide vidare om handlingsplan og andre oppgåver knytt til handverksstrategien.

Med helsing

Åsmund Kristiansen
Direktør